

Myrtveit Bygdehus

Myrtveitvegen

Meland Kommune

Teknisk avd. v/Anny Bastesen

5918 Frekhaug

Søknad om fastsetting av fartsgrense frå Myrevollane til Gripen og Myrtveit.

Medlemsmøte for Myrtveit Bygdehus er uroa over at det til tider er stor fart på ovannemde vegstrekk og vegen er som kjent svært uoversiktleig mange stader. Det har dei siste åra vore folkeauke i bygdene, Hestdal, Gripen, Håtuft og Myrtveit. Dette tykkjer me er bra for bygdene, men det fører til meir trafikk på vegen, både av fastbuande besøkjande.

På vegen frå Fosse er det 50 sone like før Litlebergen og til Undomshuset på Grasdalen.

Me meiner at denne fartsgrensa bør vidareførast fram til Gripen og Myrtveit.

På denne strekninga køyrer ein gjennom fleire gardstun. I tillegg vil ein understreka at vegen frå Gripen og Myrtveit til buss-stoppen på Håtuft, også er skuleveg.

Medlemmene i Myrtveit Bygdehus ber om at kommunen vil arbeida for at vår søknad får eit positivt utfall til det beste for innbyggjarane, ikkje minst for borna.

4.mars 2015

Helsing

Rune Gripsgård (s)

Leiar

Sølvi Knudsen

Skrivar

